

Tide Buss AS

Dato: 31.10.2016
Vår ref.: 2016/3018-11
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om endring av takstregulativ for bussruta Bergen - Stavanger

Vi viser til epost fra Svein Helge Hauge av 28.10.16 til Rogaland fylkeskommune, med kopi til oss, om endring av takstane for bussruta Bergen – Stavanger.

Som det framgår av ruteløyvedokumentet dykkar for den aktuelle strekninga, er det Hordaland fylkeskommune som er løyvestyresmakt for ruta. Ettersom vi har motteke kopi av eposten vil vi handsame saka utan vidare korrespondanse om det.

Endring av takstregulativ for løyvepliktig rutetransport må godkjennast av løyvestyresmakta. Ei melding om takstendring er såleis ikkje juridisk gyldig. Vi legg til grunn at de vil søkje, og handsamar saka ut frå det. Dersom de ikkje ønskjer eposten handsama som ein søknad, ber vi om snarleg melding om dette.

Vi kan ikkje sjå at det er heimel for å unnta søknaden frå offentleggjering.

Vi har i dag treft følgjande **vedtak** i saka:

Hordaland fylkeskommune godkjenner søknad frå Tide Buss AS av 28.10, om endring av takstregulativ for bussruta Bergen – Stavanger.

Grunngjeving: Ruta er kommersiell driven og har såleis marknadstilpassa takstar. Takstendringane vil vere av mindre betydning for det offentlege transporttilbodet.

Rolf Rosenlund
Seksjonsleiar
e. f.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Rogaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, firmapost@rogfk.no